

## TIL LOKALLAGA I HORDALAND UNGDOMSLAG

Innkalling til årsmøte i HU søndag 17.mars 2023, kl. 14.00 -17.00. Årsmøte vert i Ungdomshallen, ungdomshuset til Voss ungdomslag, Uttrågata 18, Voss. Me startar årsmøte med diskusjon om rekruttering. Det vert servert lunsj.

Frist for påmelding er **måndag 4. mars 2024**.

Namn på lag og utsendingar (namn/ epost-adresse) vert å senda til:

[hordaland@ungdomslag.no](mailto:hordaland@ungdomslag.no)

Komplett sett med årsmøtepapir og annan relevant informasjon vert sendt utsendingane etter påmeldingsfristen. Dei vert også lagt ut på nettsida [hordaland.ungdomslag.no](http://hordaland.ungdomslag.no)

Me minner også om lov for Hordaland Ungdomslag angående utsendingar til årsmøtet:

§ 5.2 Lokallaga som hadde inntil 50 medlemmar i meldingsåret har rett til 2 utsendingar til årsmøte. Deretter 1 utsending for kvar påbyrja 50. medlem. Ikkje noko lag kan ha meir enn 5 utsendingar.

§ 5.3 Lokallaga som har sendt årsmelding og har betalt årspengar, har rett på utsendingar.

§ 5.4 Utsendingane frå lokallaga skal veljast på årsmøte eller eit lagsmøte.

Spørsmål kan rettast til leiar i fylkeslaget, Borghild Marie Opdahl, tlf: 90194932.

**VEL MØTT TIL ÅRSMØTE I FYLKESLAGET!**

Med beste helsing

Styret i Hordaland Ungdomslag

### **Førebels sakliste 2024**

1. Opning/konstituering
2. Årsmelding 2023
3. Rekneskap 2023
4. Arbeidsprogram 2024
5. Budsjett 2025

**6. Medlemspengar 2026**

**7. Lovendringsforslag**

Styret kjem med framlegg å stryke §8 «Hardangerjol» frå styringsføresegnene, då joleheftet er lagt ned av årsmøte i 2020 og årsmøte i 2023 gjorde vedtak om fordeling av eiga.

**8. Stønad til Hardanger folkemusikksamling i 2025 og 2026**

Hardanger folkemusikksamling, der HU er ein av stiftarane, arbeider med eit større dokumentasjonsprosjekt for 2024 – 2026. Styret ynskjer difor at årsmøte tek stilling til tildeling av stønad for 2025 og 2026. Framlegg frå styret er å tildele 5 000,- kvart år (tilsvarande søknadssum).

**9. Fråsegner**

**10. Inkomne saker**

Endringsframlegg for vedtektene til Hardanger folkemusikksamling fremja av rådet i Hardanger folkemusikksamling (eige dokument – ligg vedlagt)

**11. Val til styre, nemnder, representasjon og utsendingar til Landsmøtet i NU.**